

PPT for Sandøy kommune

6487 HARØY

Harøy, 5. november 2009

SVAR PÅ HØYRING AV NOU 2009: 18 – Rett til læring


Dette svaret tek for seg Midtlyngutvalgets seks strategiar for å møte utfordringane i norsk skule.

Tidleg innsats og førebygging

- Utvalet sitt forslag om kontinuerleg og systematisk oppfølging av barn og elevar si utvikling, læring og læringsmiljø er svært viktig. § 13.10 i opplæringsloven må bli tydelegare på kva det vil seie å *ha eit forsvarleg system* som både skal avdekkje og følgje opp eventuelle avvik frå opplæringslova og forskriftene til lova. Det forsvarlege system må på ein eller annan måte få eit mandat om korleis det skal arbeide.
- Ressursbank må vere eit gode for alle, ikkje minst med tanke på at det er ønske om at vi skal ha ein einskapsskule her i landet.
- Det er viktig å sikre språkkartlegging. Frå vår side er det eit ønske om at alle barn hadde med seg eit ferdig utfylt TRAS-skjema når dei skulle ta til i skulen.
- Tras-skjemaet kunne vere eit tema i *Læringsboka* som kan ha noko for seg, avhengig av utforming og korleis ein vel å bruke boka.
- To foreldresamtalar i året er eit absolutt minimum.
- Det er fint at utvalet foreslår at dokumentasjons- og rapporteringsarbeidet i barnehage og skule vert avgrensa til det som tener barnet og eleven si utvikling, læring og læringsmiljø.

Rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa

- Det er berre å applaudere at utvalet vil oppheve § 5.1 i opplæringsloven og erstatte denne retten med en rett til *ekstra tilrettelegging i opplæringa* med dei ekstra ressursar som krevst. Det er riktig som forkinga fortel at spesialundervisninga i ein del tilfelle vert sett i verk som segregerte tiltak som meir har sin bakgrunn i læraren eller skulen si tilkortcoming i den aktuelle eleven sine vanskar. For oss ser det ut som om enkeltelevar vert brukte for å skaffe klassen ekstra ressursar. Slik praktiseringa av § 5.1 fungerer i dag i mange kommunar, er PPT med på å sementere dårleg praksis ved mange skular. Vonleg vil ekstra



PPT for Sandøy kommune

6487 HARØY

tilrettelegging i opplæringa få slutt på stigmatisering av enkeltelevlar som dagens ordning medfører.


- Prinsippet om evaluering av alle tiltak som setjast i verk, må bli tydeleggjort og vere eit krav
- Likeeins er det fint at krav til kompetanse poengterast hos den som skal gjennomføre den ekstra tilrettelegginga
- At individuell opplæringsplan blir ein del av opplæringsboka er ein sjølvfølgje dersom det vert innført ei slik bok for alle.
- At vedtak om ekstra tilrettelegging kan fattast utan sakkunnig vurdering er bra. Dette vil avlaste PP-tenesta noko om skulen har den nødvendige kompetanse for dette.
- Bra er det også at behov for ekstra tilrettelegging i førskulepliktig alder heimlast i barnehagelova.
- Rett til ekstra tilrettelegging på grunnskulen sitt område for vaksne er bra, likeeins at det og vert vurdert behov for dette i vidaregåande opplæring.

Tilpassa og fleksible læringsforløp

- Det er riktig å gå ein gjennomgang av Kunnskapsløftet med sikte på at det vert eit meir heilheitleg og konsistent styrkingsdokument for opplæringa.
- Tenesten til PPT for Sandøy omfattar ikkje vidaregåande skule slik at vi vil ikkje uttale oss om desse forslaga skjønt dei verkar riktige.
- Det er riktig å evaluere den sosialpedagogiske funksjonen til rådgivingstenesta og at oppgåvene til denne tenesta må sjåast i samanheng med oppgåvene til PPT og Oppfølgingstenesta.

PP-tenesta og Statped tettare på

- Det er riktig å heimle PP-tenesta tettare på barnehagar og skular, vidare er det riktig at PP-tenesta heimlast i barnehageloven.
- Korleis Statped skal organiserast i framtida er vanskelegare å ha nokon bestemt meining om. Det er riktig at Statped (Regionsentra) vert heimla i lov. Riktig er det også å gjere Lillegården kompetansesenter til eit nasjonalt senter for læringsmiljø og problematferd.
- Det må bli ein klar grenseoppgang over kva for oppgåver som høyrer til PPT og kva for oppgåver Statped skal ta seg av.
- Eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PPT må helsast velkommen.



PPT for Sandøy kommune

6487 HARØY

Heilheit krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid

Forslaga i kapittel 17 er vesentlege og må bli realitet for norsk skule. Det er særst viktig at

- barnehageloven og opplæringsloven heimlar avgjerd om individuell plan
- individuell plan presiserar opplæringsområdet for vaksne
- ein har rett til *ein* personleg koordinator (tenesteytar) ved langvarig behov for koordinerte tenester
- det vert tydeleg grenseoppgang av ansvar mellom spesialisttenesten innanfor opplæringssektoren (spesialpedagogiske regionsenter) og spesialisthelsetenestene (barne- og ungdomsklinikkane) og deira oppgåver overfor kommunane, og at det inngåast samarbeidsavtalar mellom desse.
- PP-tenesten får ein sjølvstendig tilvisingsrett til BUP og HABU
- det leggst til rette for økt samarbeid mellom PP-tenesten og Oppfølgingstenesten.
- det er eit forpliktande samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og NAV for sikring av at ungdom er i arbeid eller utdanning
- både barn under omsorg/tiltak av barnevernet får oppfylt sin rettar etter barnehageloven og opplæringsloven
- det kjem eit tilbod etter skuletid for dei som har behov for det etter 7. trinn.


Økt kompetanse på alle nivå

- Vi har ingen ytterlegare kommentar til dette kapittelet då vi er samde med dei forslag utvalet kjem med.

Konklusjon

NOU 2009: 18 – *Rett til læring* inneheld forslag som vil gjere norsk skule langt betre enn han er i dag. Desse forslaga må bli implementert i lovverket for barnehage, grunnskule og vidaregåande skule snarast. Det einaste usikre, sett frå vår side, er korleis organiseringa av Statped vil fungere i praksis og kor høg terskelen vil vere for å få hjelp der.

Med helsing



PPT for Sandøy kommune

6487 HARØY

Svein Nilsen
Leiar PPT/pp-rådgivar